

Opplæring ved Måløy vidaregåande skule og bruken av skulefartøyet

Dette notatet prøver å gje svar på spørsmåla frå opplæringsavdelinga i e-post frå 24.01.2018, og eit oppfølgingsspørsmål frå 05.03.18. Notatet er delt i 4 avsnitt, med spørsmåla slik vi oppfattar dei i innleiinga til avsnittet

1. Vurdering av læreplankrava til praksisopplæring innan ulike fagområde, ut frå følgjande punkt;

- Kva krav i læreplanen kan berre stettast ved at opplæringa skjer om bord på eit fartøy?*
- Kva krav i læreplanen bør, etter skulen si vurdering, stettast ved at opplæringa skjer om bord på eit fartøy?*
- Kva er konsekvensen av å vere utan fartøy?*

Skulebas vert i hovudsak nytta i undervisninga av dei maritime klassene, 2MAA og 2MAB, 1NAA Naturbruk og klassa 2FFA, fiske og fangst. Båten vert også nytta av VG1 TIP til yrkesfagleg fordjuping, YFF. I dei påfølgjande punkta har vi prøvd å ta ut dei punkta i læreplanane som vi meiner må eller bør gå føre seg på eit skip. Emneplanane og læreplanane som ligg til grunn for undervisninga ligg som vedlegg til notatet slik at dei læreplanmåla vi har teke ut, kan sjåast i forhold til heilskapen.

Dei maritime klassene.

Dei maritime klassene fekk i 2013/2014 nye emneplanar frå Sjøfartsdirektoratet. Og vi fekk nye læreplanar for programfaga frå 2016/2017.

Emneplan for Matrosfaget

Navigering på støttenivået «Opplæring og bedømmelse ferdighetssertifikat brovakt tabell A-II/4»

- Styre skipet og etterkomme rorkommando, også på engelsk
- Bruk av magnetisk kompass og gyrokompass
- Rorkommandoer - Veksling fra selvstyring til manuell styring og omvendt
- Holde forsvarlig utkikk ved bruk av syn og hørsel

Navigering på støttenivået opplæring og bedømmelse av kompetanse for matros iht. tabell A-II/5

- Bidra til å legge til, ankre og andre fortøyningsoperasjoner
- Prosedyrene og rekkefølgen av hendelser for å gjøre fast og løsne fortøyning og slepelinere og wire, herunder slepetau
- Prosedyrene og rekkefølgen av hendelser ved bruk av anker i forskjellige operasjoner
- Praktisk kjennskap til prosedyrene og rekkefølgen av hendelser knyttet til fortøyning til en bøye eller bøyer

Kontroll av skipets drift og omsorg for personer om bord på støttenivået

- bidra til sikker drift av dekksutstyr og maskineri
- funksjon og bruk av ventiler og pumper, heiser, kraner, bommer og tilhørende utstyr
- funksjon og bruk av vinsjer, ankerspill, gangspill og tilhørende utstyr
- luker, vanntette dører, lasteluker og tilhørende utstyr
- ferdighet i å bruke ankringsutstyr under forskjellige forhold, f.eks. ankring, løfte anker, sikring og i nødstilfeller

Operere redningsfarkoster og mann-over-bordbåter

- Kjennskap til drift av redningsfarkoster og mann-over-bord-båter, deres innretninger og arrangementer for utsetting, og deres utstyr

Vedlikehold og reparasjoner på støttenivået

- Bidra til vedlikehold og reparasjoner om bord på skipet
- Ferdighet i å forstå og utføre rutinemessig vedlikehold og framgangsmåter ved reparasjoner

Emneplan for motormannfaget

Maskineri på støttenivået Opplæring og bedømmelse ferdighetssertifikat maskinvakt tabell A-III/4

- Utføre rutinemessig vaktarbeid som er tilpasset pliktene til et mannskap som inngår i maskinvakten
- Maskinrom-terminologi og navn på maskineri og utstyr
- Maskinvakt-rutiner

Ballastoperasjoner

- funksjon, drift og vedlikehold av lense- og ballastsystemer

Bidra til drift av utstyr og maskineri

- ventiler og pumper
- heiser og løfteutstyr
- luker, vanntette dører, lasteluker og tilhørende utstyr

Vedlikehold og reparasjon på støttenivået

- Bidra til vedlikehold og reparasjoner om bord på skipet
- Ferdighet i å forstå og utføre rutinemessig vedlikehold og framgangsmåter ved reparasjoner

Læreplanar for VG1 Naturbruk

Naturbasert produksjon

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne:

- utføre arbeidsoppgaver innen produksjon og høsting eller fangst
- utføre enkel bearbeiding av råstoff
- foreta enkelt ettersyn av aktuelle framkomstmidler, motorer, redskaper, utstyr og instrumenter
- utføre enkelt vedlikehold på bygninger og installasjoner som benyttes i produksjonen

Læreplan for VG2 Fiske og fangst

Drift av Fartøy:

- planleggje og gjere greie for gjennomføring og dokumentasjon av ei kystreise og bestemme posisjon
- velje og bruke sjøkart og navigasjonsinstrument som hjelpemiddel for å gjennomføre sikker seilas innanskjers og i kystfarvatn under varierende forhold
- beskrive og bruke sjømerke og utføre bruvakt på fartøy inntil 500 bruttotonn etter gjeldande sjøvegsreglar og i samsvar med godt sjømannskap
- vurdere risiko og utføre oppgåver som leiar i krise- og nødssituasjonar
- manøvrere fartøy inntil 500 bruttotonn, med rettleiing, og bruke mindre skipsmaskinar etter gjeldande regelverk

Fangst og reiskap

- planleggje, gjennomføre og vurdere fangsting med rett bruk av maskinar, instrument og reiskapar

- utføre rutinemessig vedlikehald og enkel reparasjon av fiske- og fangstreiskapar, fartøy, produksjonsutstyr og instrument
- planleggje, gjennomføre og vurdere fangstoperasjonar med utgangspunkt i meteorologiske, oseanografiske og biologiske forhold
- utføre førstehandsbehandling av råstoff og oppfylle krav til reinhald og hygiene etter gjeldande regelverk
- føre fangstdagbok og andre dokument knytte til fangst
- følgje instruks og prosedyrar, samarbeide med andre og ta ansvar for eigne arbeidsoppgåver under arbeid om bord
- vurdere fangstpotensialet for ein aktuell reiskap i høve til kapasiteten til fartøyet
- vurdere risiko og arbeide etter gjeldande regelverk for helse, miljø og tryggleik om bord og på landanlegg

Konsekvensar ved å vere utan fartøy

I 2010 nedsette fylkesrådmannen ei arbeidsgruppe for å sjå på bruken av Skulebas og alternative måtar ein kunne gje ei tilfredstillande undervisning. I tida som har gått er det lite som har endra seg, utanom at dei nye læreplanane for maritime fag har gjort det meir naudsynt å ha tilgang til eit eige farty for å gje ei god undervisning. Når det gjeld konsekvensane av å vere utan farty viser vi til denne rapporten som ligg som vedlegg.

2. Vurdering av andre område der opplæringsfartøyet vert nytta og konsekvensar for desse områda av å vere utan fartøy.

Skulebas er i dag ein sentral del av det maritime miljøet som er bygd opp rundt skulane her i Måløy. Om båten vert borte vil vi verte sett mange år tilbake i arbeidet med å utvikle dette miljøet. I tillegg til at det sikrar ein god kvalitet for undervisninga, har båten vore ein særskild del av skulen sitt arbeid og har hatt stor medverknad til at vi no ser eit oppsving i rekrutteringa til dei maritime og marine utdanningstilboda ved skulen. I tillegg til undervisninga er det rekruttering, fagprøver og ulike sikkerheitskurskurs som er dei viktigaste bruksområda.

Rekruttering

Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfag i Sogn og Fjordane (OKFH) har, i samarbeid med fylkeskommunen, i ein tiårs-periode arrangert årlege jente- og guteleirar (som varer ei veke) for interesserte 10. klassingar frå fylket. Målet er å gje kunnskap om kystnæringar, og opplæringsfartøyet vert nytta til opphald og transport til aktuelle stader og bedrifter. I tillegg

til dette vert båten nytta til yrkesfagleg fordjuping (YFF) for VG1 klasser ved skulen. Vi har også samarbeid med ungdomsskular om arbeidslivsfag.

Fagprøver

Måløy vidaregåande skule er hovudsamarbeidsskule for Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfag i Sogn og Fjordane (OKFH) og dei fleste lærlingane kjem derifrå. Skulebas vert nytta til å avvikle fagprøve for lærlingar innan fiske- og fangst (line og garn) og maritime fag. Lærlingar som skal ta fagprøve som matros nyttar M/S Skulebas som base for fagprøven. Det bør og nemnast at det er gjennomført mange fagprøver i regi av prøvenemnda i Sogn og Fjordane. Dette er lærlingar som kjem frå fylket, men er tilknytte lærebedrifter utanfor fylket. Ei samla oversikt over denne aktiviteten ligg som vedlegg 4.

Sikkerheitssenteret:

Skulebas vert også nytta til ulike sikkerheitskurs. Kursdeltakarane frå Måløy vidaregåande skule og fagskulen har ein gjennomgang på kvart kurs med hovudvekt på evakuering, brannbekjemping og redning. Øvingane om bord kan då bli utført i eit realistisk miljø og med det utstyret ein finn om bord i eit fartøy. Denne dagen dekkjer også kravet til utsjekk om bord, som er eit krav til desse kursa. Studentane ved fagskulen brukar også M/S Skulebas til å lære og utføre leining ved havari. Det vert gjennomført om lag 60 grunnleggande sikkerheitskurs(STCW) for året. Utover dette vert det avvikla fleire kurs for eksterne deltakarar. Talet her kan variere noko frå år til år.

3. Faktisk bruk av opplæringsfartøyet dei to siste skuleåra (2015-2016 og 2016-2017)

I dei to siste åra har det vore daglige aktivitetar på Skulebas i den tida det har vore elevar ved skulen.

Bruken av fartøyet går fram av dei to vedlagde dokumenta:

-Seglingsplan 2015/2016

-Seglingsplan 2016/2017

4. Opplæringsfartøy utan overnattingsmoglegheiter

Som ein del av dette ber vi dykk også, ut frå læreplankrava, å vurdere om evt. behov for fartøy kan stettast ved eit fartøy som kan nyttast berre på dagtid (utan overnattingsmoglegheiter) eller om det er behov for fartøy som kan nyttast over fleire døgn (altså med overnattingsmoglegheiter).

Ein stor del av bruken av Skulebas i dag er basert på at ein kan ta lengre turar med overnatting om bord. Eit fartøy som ikkje har lugarar vil ha ei mykje mindre rekkevidde og vil få eit heilt anna bruksområde. I den tida vi har hatt båten har det vore gjennomført fleire ombyggingar for å utvide lugarkapasiteten for å kunne utnytte båten best mulig. Av dei aktivitetane som er avhengige av overnattingsmuligheter er desse dei viktigaste.

- Rekrutteringsleirane for jenter og gutar vil ikkje vere mulig å gjennomføre.
- Det vil ikkje vere mulig for dei maritime klassene å gjennomføre seglasar langs norskekysten slik som i dag.
- Undervisninga til Fiske og fangst. Denne klassa deltek i år på Lofotfiske på ein tre vekers tur

Vedlegg

Vedlegg 1: Emneplan for matrosutdanniga

Vedlegg 2: Emneplan for motormannutdanninga

Vedlegg 3: Læreplanar for Vg1 Naturbruk og Vg2 Fiskeogfangst

Vedlegg 4: Oversikt over gjennomførte fagprøver, tabell

Vedlegg 5: Seglingsplan for Skulebas 2015/2016 og 2016/2017

Vedlegg 6: Rapport frå arbeidsgruppa frå 2010